

# MØTEREFERAT 25. JANUAR 2022

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 25.januar 2022
	Kl. 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Heine
Opning:	Marta Kristin

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

**Til stades:** Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Marit Grimstad, Heine Kaldefoss, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, ,  
**Forfall:** Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten, Kristine Wiersen

## **SAKLISTE**

### **2022/01- 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

**Vedtak:** Godkjent.

### **2022/02-012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 07.12.21.**

**Vedtak:** Godkjent.

### **2022/03 - 331 Trusopplæring**

#### **Saksutgreiing**

Trusopplærarane Ingvild Baugstø Almås og Anne Brandvik Nilsen var med på møtet.

Trusopplærarane informerer om kva som er planen for trusopplæringa. Ein kort innføring i alle dei «kontinuerlege» tiltaka. Årshjulet vart delt ut. Vidare hadde dei ein gjennomgang av dei store tiltaka som det berre er eit av i året. Det vart vist fram kva som vart delt ut til barna på samlingane. Detaljert plan for trusopplæringa våre 2022 vart delt ut.

Trusopplærarane fortel kva ein treng frivillig til i trusopplæringa. Ein treng folk til å laga mat, (det er servering på alle tiltaka), registrering, ha ansvar for leik og aktivitet, ansvar for Bibelforteljing. Rydda til og rydda opp etterpå. Delta i samtale med barn og vaksne.

### **2022/04 - 411 Ekstra lys i Nysæter kyrkje**

#### **Saksutgreiing**

Det er samla inn pengar til ekstra lys i Nysæter kyrkje. Tormod Stautland er spurt om å sjå på saken. Han har ein del tankar. I referatet frå sist møte, står det og noko om lyd. Tormod har fokus på dette og. Men frå soknerådet si side har me fokus på lys. Det blir og vurdert korleis ein kan rehabilitera eksisterande lysanlegg i Nysæter. Tormod vil og sjå på dette anlegget kan utbetraast.

# MØTEREFERAT 25. JANUAR 2022

## **Vedtak**

Nysæter sokneråd gir Tormod Stautland fullmakt til å arbeidare vidare med lys. Han hentar inn informasjon og tilbod

## **2022/05 - 046 Årsmøte og årsmelding**

### **Saksutgreiing:**

Det må setjast tidspunkt for årsmøte og skrivast årsmelding. Brynhild tek sansvar for å samla inn årsmeldingar.

### **Vedtak:**

Årsmøte etter gudstensta 3. april 2022

## **2022/06 - 046 Smitteverntiltak**

### **Saksutgreiing:**

Jørgen orienterer om gjeldande smittevernsreglar. Slik ein les reglane klarar ein å halda 1 meter til alle kantar i kyrkja. Når ein sit på plassen i kyrkja treng ein difor ikkje munnbind. Ordninga no med at ein tilviser plass og legg igjen lapp fungerer godt. Me ventar med kyrkjekaffi til det blir opnare.

## **2022/07 - 217 Rekruttering av frivillige**

### **Saksutgreiing:**

Marta Kristin går no ut av diakoniutvalet. Det må inn ein ny person der. Korleis kan ein generelt få fleire frivillige i kyrkja. Soknerådet kan tenkja vidt når det gjeld frivillige. Mange kan koma med forslag

Oddbjørg inviterer til ettermiddagskaffi og idedugnad om frivillige i Hiljesgjerdet 16 torsdag 03.02 kl 17.00

### **Ymse:**

## **2022/08 – 411 Sykkelstativ og hus til bossdunkane**

Det er eit behov for ein plass å plassera syklane. Det er og behov for eit skur/hus til bossdunkar

**Vedtak:** Nysæter sokneråd ynskjer at Kyrkjeverje kjøper inn sykkelstativ og hus til bossdunkane til Nysæter kyrkje. Eit ynskje om at sykkelstativet vert kjøpt av ein lokal bedrift. T.d. podlen verkstad

- Jubilieumsgudsteneste

Denne gudstensta var sett til 19.12. På grunn av korona vart den avlyst. Korleis ynskjer me å ta den med oss vidare? Er det like greit å venta til hausten og feira 31 år? Kan det bli ei oppstartgudstenste i august/september. Denne saken vert flytta over til gudstenesteutvalet.

- Betaling for trusopplæringsstiltak.

Trusopplæringsstifta må sjå på korleis økonomien er. Betalinga må vera for å dekka utgifter. Ikkje for å samla inn pengar. Trusopplæringsutvalet jobbar vidare med dette.

Marta Kristin Valvatne  
soknerådsleiar  
sign.

Brynhild Meyer Stautland  
sakshandsamar  
sign.

## **MØTEREFERAT 25. JANUAR 2022**

Neste møte i soknerådet vert 16.03.22 i Nysæter kyrkje kl. 17.00-19.00

Opning: Marit

Kaffi: Randi